



Filmgruppa er fullteikna med same instruktør som i fjor, Gudrun Karina Arntsen(i vogna).

Ansvarsgruppa for FestidaGen-aktivitetane har oppsummert etter at påmeldingsfristen gjekk ut. Leiar i gruppa, Janne G. Hjørnevåg, seier at dei ut frå påmeldingane har gjort ein endring når det gjeld Segway, og i tillegg er det framleis ledige plasser på nokre aktivitetar.

Segway vil vera open for alle over 16 år. Det vil føregå på parkeringsplassen framfor skulen torsdag ettermiddag og fredag. Der kan interesserte stilla opp å få prøva seg på dette trendy og spennande køyretøyet. Det kostar 100 kr for ein time.

Elles vert det meldt om at det vert endring på instruktørsida når det gjeld Parkour. Der kjem engelskmannen Gareth Whitaker inn. Han jobbar som kulturskulelærer i Parkour på Stord og er svært flink.

Janne melder at dei framleis har desse ledige plassene:

- Cheerleading (10-18 år) har 5 ledige plasser før alle 30 er fylt opp.
- Festivalen (8-15 år) har 4 ledige plasser.
- Rocketroll (5-7 år) har 12 ledige plasser.
- Trylling (8-16 år) har 7 ledige plasser.
- Redesign (11-18 år) har 1 ledig plass.

FestidaGbladet går ut pga manglande påmelding medan alle dei andre gruppene er fullteikna.

Dei som ønskjer å melda seg på no, kan kontakta Janne G. Hjørnevåg på mobil 977 08 567, og gje opp namn, alder og telefonnummer til føresette. Ho vert ekstra glad om det kjem ein del påmeldingar på Rocketroll.



I fjor var det skateboard, i år kan ein få prøva seg på segway.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Arkivfoto: Festidalen